

Skildring av tiltaka i prioritert rekkjefølgje, med aktivitetsplan og plan for marknadsføring

1. Tursti Sveio golfpark

Kort (2 km) og lang (4 km) løype på grusveg – mykje brukt både til fottur, sykling, og – når det er snø – som skiløype. Det er behov for startpunktstavle med oversikt over turmoglegheitene i området, og med omtale av dyre- og fugleliv, og betre skilting langs løypa.

Aktivitetsplan: Løypa ligg nær Sveio sentrum, og i direkte tilknytning til to store byggjefelt.

Løypa er alt svært mykje i bruk, og vil truleg bli endå meir brukt når lysløypa står ferdig (oppstart 2016). Sveio golfpark/Haugaland golfklubb tek ansvar for drift og vedlikehald.

Marknadsføringsplan: Turstien er omtala på nettsider og i anna materiell utgitt av Sveio golfpark og Sveio kommune (mellom anna turkartet, sjå vedlegg). Han er òg med som turmål i TellTur og er omtala på reiselivsnettsidene www.visithaugesund.no og www.visitsunnhordland.no.

2. Utviding av rute til Børshovda med rundløype, ca 8 km

Dei tidlegare umerka løypene om Mørkavatnet og Lierånå vil bli merka og knytt saman med eksisterande tursti til Børshovda. Har startpunktstavle og toppskilt frå før.

Aktivitetsplan: Både den merka og den umerka løypa (dvs den me vil merka nå) har hatt aukande bruk etter at startpunktstavla/ny skilting kom på plass i 2013, og turkartet i 2014.

Kartet blei gitt i gåve til alle innbyggjarar i Sveio.

Marknadsføringsplan: Omtala i marknadsføringsmateriell utgitt av Sveio kommune. Han er òg med som turmål i TellTur og er omtala på reiselivsnettsidene www.visithaugesund.no og www.visitsunnhordland.no.

Ansvar for drift og vedlikehald: Førde bygdelaag.

3. Furevatnet rundt, ca 6,5 km

Mykje brukt turløype nær sentrum og byggjefelta Krossleitet og Fjellstad. Stien går forbi Istertveit, eit kulturminneområde med m.a. bautasteinar og gravrøys. Det er ei segn knytt til staden, og planar om å setje opp kulturminneskilt. Startpunkt er ikkje merka, og det er behov for startpunktstavle og enkel skilting her. Turen går hovudsakleg på sti, men òg noko på sykkelveg.

Aktivitetsplan: Løypa er alt mykje i bruk, og vil venteleg bli meir brukt med betre skilting.

Marknadsføringsplan: Omtala i marknadsføringsmateriell utgitt av Sveio kommune. Han er òg med som turmål i TellTur og er omtala på reiselivsnettsidene www.visithaugesund.no og www.visitsunnhordland.no.

Ansvar for drift og vedlikehald – (førebels) Sveio kommune/Sveio turlag

4. Dreng. Utvida stinett med rundløype.

Stien med start frå samfunnshuset i Førde har startpunktstavle og toppskilt frå før. Nå ønskjer Førde bygdelaag å utvida løypa med ein trasé ned Solheimsdalen og til kyrkja, som vil knyte turstien endå nærare til buområda i bygda.

Aktivitetsplan: Turløypa er i dagleg bruk, både av folk i bygda og av turgåarara frå regionen elles.

Marknadsføringsplan: Omtala i marknadsføringsmateriell utgitt av Sveio kommune. Han er òg med som turmål i TellTur og er omtala på reiselivsnettsidene www.visithaugesund.no og www.visitsunnhordland.no.

Ansvar for drift og vedlikehald: Førde bygdelaag.

Plan for skilting

Sveio golfpark

1 skilt 150x90 med kart, informasjon om turstiar, info om dyre- og fugleliv i golfparken

16 pilskilt lang løype

10 pilskilt kort løype

4 retningsvisarar med tekst

2 advarselskilt

Pålar og festemateriell

Merking av tursti – rundløype til Børshovda, ca 8 km

9 pilskilt med tekst

15 pilskilt

Pålar og festemateriell

Maling/merkestaker mm

Merking av tursti m/startpunkttavle – rundt Forevatnet, ca 6,5 km

1 Startpunkttavle m/kart, 50x70 cm, inkl. stativ

8 retningskilt med tekst

10 små pilskilt

Pålar og festemateriell

Maling/merkestaker

Merking av tursti – rundløype Dreng ca 1,5 km

5 retningskilt med tekst

5 pilskilt u/tekst

Maling/merkestaker

Stolpar og festemateriell

Kart for kvar einskild turløype ligg ved.

Sjå kostnadsoversikt i søknad. Alle prisar er basert på tilbod frå Grafika AS, sjå vedlegg.